

Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: 12.11.2018, kl. 14.15-16.00

Stad: rom 435, HF-bygget

Til stades: Matti Wiik (undervisningsleiar), Erik Bjerck Hagen, Øivin Andersen, Torodd Kinn, Eirik Vassenden, Aidan Conti, Bente Kiilerich (vara for Sigrun Åsebø), Atle Kristiansen (vara for Else Berit Molde), Signe Nilssen (sekretær), Hanna Nakken (studentrepresentant), Joakim Fossan (studentrepresentant), Jessica Hildonen (studentrepresentant).

Meldt forfall: Else Berit Molde, Sigrun Åsebø, Rolf Beev, Knut-Ove Arntzen

Saksliste

UUI-sak 21/18: Godkjenning av innkalling og sakslikste.....	2
UUI-sak 22/18: Orienteringssaker	2
O-sak 1: Referat frå førre møte i UUI.....	2
O-sak 2: Bruk av materiale som er verna av opphavsrett.....	2
O-sak 3: Emneevaluering og -rapportar.....	2
O-sak 4: Status for undervisningsbudsjetta	2
O-sak 5: Mentorordningar frå 2019	3
O-sak 6: Sensurfristar.....	3
UUI-sak 23/18: Vedtakssaker.....	3
Vedtaks sak 1: Møtedatoar for våren 2019	3
UUI-sak 24/18: Ymist	3

UUI-sak 21/18: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste

UUI-sak 22/18: Orienteringssaker

O-sak 1: Referat frå førre møte i UUI

O-sak 2: Bruk av materiale som er verna av opphavsrett

Det er viktig å ta omsyn til reglane for bruk av material med opphavsrett. Organisasjonane til dei som eig rettane til slikt material, hevdar opphavsrettane langt meir pågåande enn før.

Universitetsbibliotekar Irene Eikefjord orienterte om problem og spørsmål kring bruk av material med opphavsrett. Ho sender ein e-post med Powerpoint-presentasjon som blir sendt ut.

O-sak 3: Emneevaluering og –rapportar

Det er på tide å gjennomføre emneevaluering. Studiekonsulentane kan hjelpe dei emneansvarlege med å sende ut evaluering digitalt. Fagkoordinator skal ha oversikt over kva for emne som skal evaluerast denne hausten. Alle emna som ligg under programstyret i nordisk, skal evaluerast kvar gong.

Signe orienterte.

Burde rapportane distribuerast til studentane etter dei er ferdige og før dei er godkjende?

O-sak 4: Status for undervisningsbudsjetta

Studiekonsulentane fyller ut ressursbudsjetteringsreknearka etter kvart som timeplanlegginga skrir fram. Vi har diverre kome på etterskot sidan det har vore ein travel haust, og Aleksander planlegg ei arbeidsstove der ein ser på det i fellesskap. Fagkoordinator vil få tilsendt skjemaa når dei er klare, slik at dei kan sjå over.

Signe orienterte.

O-sak 5: Mentorordningar frå 2019

Frå og med 2019 skal det vere tilbod om mentor til alle lågaregradsstudentar. Det er ikkje realistisk å få dette til før hausten 2019. HF diskuterer opplegg, men det mest opplagte verkar å vere at ein vidarefører studiestartgruppene som mentorgrupper, og at gruppeleiarane får arbeid heile året. Opplegget kan ha ulike «pakkar» der til dømes fagmiljøa har ein dag der dei møter studentane.

Signe orienterte.

O-sak 6: Sensurfristar

På HF har vi operert med at raude dagar i sensurperioden skal leggjast til på slutten av perioden slik at fristen blir utsett på grunn av dette. No viser det seg at dette har vore ei feiltolking av reglane. Ein får berre ekstra tid til å sensurere dersom sensurfrist fell på ein raud dag eller helg. Dette tyder at det er forventa at sensorane våre til dømes skal sensurere i juleferien. Fakultetet har bede om at vi går vekk frå denne regelen i alle fall i denne perioden, og at vi heller må vurdere rutinane for undervisnings- og eksamensplanlegging. Dette vil i så fall føre til eit nedkorting av eit allereie kort haustsemester.

Tvingar vi fram eksamensordningar vi ikkje ynskjer oss? Vi har ikkje hatt så store problem med dette til no, stort sett har eksamenane vore ferdige til i byrjinga av desember.

UUI-sak 23/18: Vedtakssaker

Vedtakssak 1: Møtedatoar for våren 2019

4. februar

18. mars

6. mai

Vedtak: UUI godkjenner føreslåtte møtedatoar for våren 2019.

UUI-sak 24/18: Ymist

Øivin Andersen melder at Bamba Dione tar over som fagkoordinator for språkvitskap frå og med 1. januar.